Høring: 4-årig tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder

AGDER fylkeskommune

Innsendt: 06.10.2026 17:19
Referanse-ID: UA2-NUD
Skjema-ID: AFK-224

Avsender høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Else Margit
Etternavn	Tveit
Hvem svaret du for?	◉ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	ÅSERAL KOMMUNE
Organisasjonsnummer	964966842
Gatenavn og - nummer	
Postnummer	
Poststed	

Svar på høring

Tilbudsstruktur og dimensjonering

Hvordan vurderer dere den vedtatte dimensjoneringen opp mot dagens og framtidige kompetansebehov?	Åseral kommune vurderer at den vedtekne dimensjoneringa i hovudsak svarar godt på dagens og framtidige kompetansebehov. Det er positivt at tilboda ved Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande skule blir vidareførte. For distriktskommunane er det særleg viktig at utdanningstilbod som støttar opp om lokale og regionale arbeidsmarknader blir oppretthaldne. Kommunen meiner samtidig at tilbodsstrukturen i større grad bør bidra til å dekkje behov innan reiseliv, service og handverk.
Er det utdanningstilbud som bør styrkes, reduseres eller etableres?	Åseral kommune meiner fylkeskommunen bør vurdere å etablere utdanningsprogrammet sal, service og reiseliv ved ein av dei vidaregåande

skulane i Indre Agder. Reiselivsnæringa er ei viktig næring i regionen, og behovet for kvalifisert arbeidskraft er venta å auke i åra framover. Eit slikt tilbod vil kunne bidra til å dekkje det framtidige kompetansebehovet og styrkje rekrutteringa til næringa.
Kommunen oppmodar vidare fylkeskommunen til å vurdere etablering av VG1 Handverk, design og produktutvikling ved Setesdal vidaregåande skule, avdeling Valle. Eit slikt tilbod vil kunne styrkje rekrutteringa til tradisjonshandverk, lokale kulturfag og kreative næringar i regionen.
På bakgrunn av oversøking til alle utdanningsprogramma ved Byremo vidaregåande skule og fleire av utdanningsprogramma ved Setesdal vidaregåande skule i 2026, ber Åseral kommune
fylkeskommunen vurdere å opprette nye klassar dersom denne utviklinga held fram dei komande åra. Dette gjeld særleg utdanningsprogramma anleggsteknikk og studiespesialisering. Indre Agder er den einaste regionen i fylket der prognosane viser auke i elevtalet. Dersom elevane frå Bykle og Valle blir inkluderte i region Indre Agder, vil denne veksten bli ytterlegare forsterka. Dette bør takast omsyn til i den framtidige dimensjoneringa av dei vidaregåande utdanningstilboda i regionen.
Åseral kommune vil òg understreke kor viktig det er å halde oppe eit breitt utdanningstilbod som bidreg til ei balansert kjønnsfordeling ved skulane. Utdanningsprogramma innan helse- og oppvekstfag er viktige både for å møte det framtidige kompetansebehovet i helse- og omsorgssektoren og for å sikre eit variert elevmiljø. Ei svekking av desse tilboda kan føre til ei
større overvekt av gutar ved skulane, noko som vil vere uheldig både for læringsmiljøet og for rekrutteringa til helse- og omsorgsyrka. Kommunen meiner derfor at helse- og oppvekstfag framleis bør vere ein sentral del av utdanningstilbodet i regionen.
I tabellen «Dimensjonering ungdom VGS Agder» som følgjer høyringsdokumentet, er utdanningstilbodet Tømrar (Vg2) ikkje ført opp ved Setesdal vidaregåande skule. Åseral kommune har fått opplyst frå Agder fylkeskommune at dette skuldast ein feil i tabellen. Tilbodet blir gitt ved skulen i dag, og det er lagt til grunn at det skal vidareførast i planperioden 2027/2028–2030/2031 dersom det er tilstrekkeleg søkjargrunnlag.
Åseral kommune vil understreke at vidareføring av

	Vg2 Tømrar ved Setesdal vidaregåande skule er viktig for å sikre rekruttering til bygg- og anleggsnæringa i regionen. Tilbodet gir ungdom høve til å ta ei yrkesretta utdanning nær heimstaden og bidreg til å dekke eit vedvarande behov for faglært arbeidskraft i Indre Agder. Kommunen føreset derfor at tilbodet blir oppretthalde i den endelege tilbodsstrukturen. Åseral kommune meiner fylkeskommunen bør greie ut etablering av eit utdanningstilbod innan drone- og UAS-teknologi ved Setesdal videregående skule, avd. Hornnes. Drone- og UAS-teknologi får aukande betydning innan energi, kraftforsyning, beredskap, samferdsel, arealforvaltning, landbruk og andre teknologibaserte næringar. Regionen har særlege føresetnader for å utvikle slik kompetanse gjennom kombinasjonen av store areal, energisektor, teknologibedrifter, offentlege aktørar og forsvarsrelaterte miljø.
Hvordan vurderer dere den geografiske fordelingen av tilbudene i Agder?	Åseral kommune meiner den geografiske fordelinga av tilboda i Agder framleis må byggje på prinsippet om ein desentralisert skulestruktur. Moglegheita til å gjennomføre vidaregåande opplæring nær heimstaden er viktig for gjennomføring, trivsel og busetjing i distrikta. Kommunen vil understreke at skulane i Indre Agder har eit mindre elevgrunnlag enn skulane langs kysten, og at tilboda derfor må kunne oppretthaldast sjølv om søkjartala varierer frå år til år. Ei for sterk sentralisering av utdanningstilboda vil kunne føre til svekt rekruttering og redusert gjennomføring blant elevar frå distriktskommunane.
Hvordan bør sluttkompetansene i modulstrukturert opplæring for voksne dimensjoneres?	Åseral kommune meiner modulstrukturert opplæring for vaksne må dimensjonerast med utgangspunkt i dokumenterte arbeidskraftbehov i både offentleg og privat sektor. Samtidig må tilbodet vere geografisk tilgjengeleg. Alle dei tre kompetanseskulane ligg i dag ved kysten. For vaksne i Indre Agder kan dette gi lange reiseavstandar og vere ei utfordring for deltaking. Kommunen meiner derfor at fylkeskommunen bør vurdere om Setesdal vidaregåande skule kan få status som kompetanseskule, eller om delar av den fysiske undervisninga kan gjennomførast ved Setesdal vidaregåande skule sjølv om ein annan kompetanseskule har det formelle ansvaret. Med tanke på ventelistene for å få ta modulstrukturert opplæring for vaksne, ber vi fylkeskommunen om å

	vurdere å auke kapasiteten i det eksisterande tilbodet.
Hvordan vurderer dere den foreslåtte tilbudsstrukturen samlet sett i lys av målet om at flere elever og voksne fullfører videregående opplæring?	Åseral kommune vurderer at den foreslåtte tilbodsstrukturen i hovudsak støttar opp under målet om at fleire elevar og vaksne skal fullføre vidaregåande opplæring. Vidareføring av tilboda ved Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande skule er viktig for å sikre nærleik til opplæringstilboda for ungdom frå Indre Agder. Kommunen meiner likevel at målet om auka gjennomføring vil bli styrkt ytterlegare dersom fylkeskommunen legg til rette for fleire utdanningstilbod som er tilpassa dei framtidige kompetansebehova i regionen, og dersom vaksne i større grad får tilgang til fleksible opplæringstilbod i sitt nærområde.